

Kunnskapsdepartementet

Bergen, 26.01.23

Høyrings svar til

Forslag til endring i forskrift om utdanningsstøtte

Studentparlamentet ved Universitetet i Bergen (UiB) vil takke for moglegheita til å kome med innspel til høyringa.

Departementet føreslår å redusere stipendandelen ved dekning av skulepengar til utdanning utanfor Norden. Studentparlamentet ved UiB meiner at studentmobiliteten gjer det mogleg for våre studentar å utvikle seg sjølv og sine eigenskapar, både faglege og personlege. Vi meiner difor at forslaget vil gjere det dyrare og mindre tilgjengeleg for å ta delar av eit studium i utlandet, mellom anna for lektorstudentar på UiB og utvekslingsstudentar til det globale sør.

Stortingsmeldinga om internasjonal studentmobilitet i høgare utdanning la til grunn at fleire studentar skal reise på utveksling til ikkje-engelsktalande land, og gjere endringar i Lånekassens regelverk for å auke mobilitet og gje sterkare insentivar til å ta utvekslingsopphald i utlandet. Vi meiner at Regjeringa bør følgje opp desse tiltaka for å satse vidare på internasjonalisering.

Vi meiner forslaget om å redusere stipendandelen av skulepengestøtta for norske studentar i utlandet ikkje må vedtas.

Oscar dos Santos Kvalsvik

Nestleiar

*Fag-, forskings- og mangfaldspolitisk ansvarleg
Studentparlamentet ved Universitetet i Bergen*